

Ytre Sogn

Nr. 65 • 21. årgang
Tysdag 1. september 2020
Laussal kr. 35,-

finurlig
smart kommunikasjon

Satsar på hytteutleige på Norevik til påske



Allereie same dag kjøpsavtalen med Høyanger Kjemiske Industriarbeiderforening (HKIF) vart underteikna, var ekteparet Eirik og Therese Strand (biletet) i gang med å rydde feriestaden på Norevik, både inne og ute. Noko av det første dei vil gjere er å pusse opp 8 av dei 11 hyttene.

– Målet er å ha dei klare til utelege til påske neste år, seier dei til Ytre Sogn.

NYHENDE // SIDE 4 OG 5

Frå Hyllestad til Bergen



Foto: Mal Dickson

Sunniva-seglasen med historiske fartøy langs Kystpilgrimsleia markerer at det i år er 850 år sidan flyttinga av St. Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen. Med på ferda er ein steinkross (biletet) frå Hyllestad.

KULTUR // SIDE 8 OG 9

Stipendiat på plass i Høyanger



– I Høyanger er dei vanskeleg å komme utanom, seier biletkunstnar Mona Grini (biletet) og ser opp mot dei høge, bratte fjella som omkransar tettstaden.

Natur og fjell er gjerne tema i bileta til årets Gunnar S-stipendiat.

KULTUR // SIDE 7

SULTEN? LYST PÅ NOKO GODT?

"GATISBURGEREN" ER TILBAKE!

Vi har prøvd å gjenskape den gode hamburgeren frå "Gatisen".
Ein fastfoodburger med typisk burgerdressing og kjøtt.
Rimelegare er den og!

KOM INNOM
OG PRØV DENNE!

TELEGRAFENS BURGER	189
KYLINGBURGER	189
SMOKEYCHEESEY BBQ BURGER	189
BIFFSANDWICH	185
CLUBSANDWICH	179
HUSETS SALAT	129

For oppdatert meny m.m. gå inn på vår side.



KAFFETELEGRAFEN

Overrekte steinkross frå Hyllestad - Det var stort og spen

Kystpilgrimseglašen gjorde eit stopp i Hyllestad på søndag. Der fekk dei overrekt ein ny steinkross laga av granatglimmerskifer.

Cecilie Skogheim
skogheim.cecilie@gmail.com

Pilgrimsreisa er ei markering av Sunnivaseglasen. For tida seglar ein båt langs kysten med St. Sunniva-skrinet til minne om at det er 850 år sidan St. Sunniva sine levningar vart flytta frå Selje til Bergen.

- Det var stort og spennande for oss, seier sokneprest Audun Systad om markeringa.

Vidare til Bergen

Det er Bergen by og bispedømmet som får krossen som er laga av Torbjørn Løland. Systad fortel at ordforar Kjell Eide overrekte den til tidlegare biskop Ole D. Hagesæther.

- Krossen vart så boren ned av neste års konfirmantar til prestefjøra der ein robåt venta og tok krossen i mot for å ro den til Korssund. Der skal Sunnivaseglasen stoppe på tysdag for å ta Hyllestad-krossen vidare til Bergen, fortel Systad.

Både han og Hagesæther hadde preik under gudstenesta i Hyllestad kyrkje søndag som markerte Sunnivaseglasen.

Systad fortel også at dei som konfirmerte seg for 50 år sidan var inviterte til gudstenesta.



Neste års konfirmantar i Hyllestad bar steinkrossen ut frå kyrkja og ned til prestefjøra. (Alle foto: Mal Dickson)

- Det som var litt morosamt var at både ordforar Kjell Eide og Torbjørn Løland var blant dei gamle konfirmantene, fortel Systad.

Lang tradisjon

Franziska Rüttimann, initiativtakar og avdelingsdirektør i Kvernsteinparken synest det

var ei flott markering. Ho fortel om dei lange tradisjonane med steinkrossar.

- Tradisjonen er svært viktig i Hyllestad som i mellomalderen leverte store og mindre steinkrossar til mange plasser langs Norge sin vestkyst. Nokre av dei står framleis den dag i dag, til dømes krossen i Kors-

sund, fortel Rüttimann.

Systad fortel at frittståande steinkrossar er eit vestlandsfønomen.

- 40 steinkrossar frå vikingtid og mellomalder står ute i landskapet eller er tekne vare på. Av desse har 21 stått eller står i Sogn og Fjordane, Tre er i Hordaland og 16 i Rogaland, fortel Systad.

Religiøse tonar

Det var og musikkinnslag under markeringa.

- Seremonien var ekstra gripande takka vere Vivian Steinsland sin vakre song, seier Rüttimann.

LESARBILETE

#ytresognavis



Ikjefjord Seinsommarmorgon. #ikjefjord
#ytresognavis



geirhelge67 Ari med Sørebødalen i bakgrunnen, #østerbø #svartelghund




likken Sykkeltur i trivselsfylket. #solnedgang
#sognefjorden

nande for oss



Ordførar Kjell Eide overrekte krossen til tidlegare biskop Ole D. Hagesæther.



Slik ser steinkrossen ut. Den er laga av Torbjørn Løland.




Sunnivaseglasen skal ta Hyllestad-krossen vidare til Bergen.



Vivian Steinsland bidrog med religiøse tonar og nyare songar.

LESARBILETE

#ytresognavis



lindahantveit #gulen #dntsognogfjordane
#norskaturpåsittbeste



irekhan #multer #høyangerfjellet
#ytresognavis #sognefjorden



hegrus Nydeleg kveld på hytta med han her.
#ytresognavis